



## Fotballskular i Øvre Årdal 2020

Er du interessert i fotball, og ønsker å trene sammen med likesinna i ei eller to veker i sommerferien? Då er dette tingen for deg!

Me inviterer gutar og jenter frå både Øvre Årdal og Årdalstangen født i 2011-2003 til fotballskule i veke 26 (22.juni-26.juni), og veke 32 (3.august-8.august).

Spelarane vil bli delt inn i to grupper etter alder, og skulen er open i 3 timar for kvar gruppe. I veke 26 blir tildelingen slik:

Born som er født i 2011-2008 har fotballskule 09:00-12:00, oppmøte seinast 08:50.

Born som er født 2007-2003 har fotballskule 13:00-16:00, oppmøte seinast 12:50.

I veke 32 vil dei eldste borna trene før lunsj, medan dei yngste trenar etter lunsj.

Det vert ei variert veke med temabaserte treningar kvar dag. Me legg til rette for at alle spelarane skal få ei veke fylt med mestring, utfordringar, samarbeid og utvikling.

Det er ingen krav til ferdigheter for å være med på fotballskulen. Det viktigaste er at spelarane sjølv er interesserte i læring og utvikling av fotballferdighetene sine.

PS: Meld dykk på tidlig! Det er begrensa med antall plassar, og fyrstemann til mølla- prinsippet gjeld. På den yngste gruppa har me eit tak på 20 spelarar, medan me har eit tak på 25 spelarar blant dei eldste.

### **Pris:**

Ordinær fotballskule 3 timar måndag-fredag:	600,-
Ordinær fotballskule begge vekene	1000,-

### **Dette får du:**

- Variert og faglig godt fotballtilbud
- Nesten tre timar med fotball dagleg, fordelt på 2 eller 3 separate økter.
- Motiverte instruktørar

NB! På grunn av smittevern må alle born ha med seg eigen drikkeflaske. Me vil heller ikkje gi ut noko mat, så om nokon ønsker å ete eit lite mellommåltid som frukt eller liknande ila dei 3 timane må dei ta med det sjølve.

Husk at kle etter været må alle ha med.

NB! Hugs å gje melding om kva veke du vil vera med. Anten ei av vekene eller begge. Påmelding til : [ruth@iljotun.no](mailto:ruth@iljotun.no)

